



Tyskarane sviktar ikkje Rabben – her et ei gruppe grilla laks tidlegare i denne månaden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turist-trafikken har ikkje vore den heilt store, det er nedgang samanlikna med i fjor, som var eit godt år. Dette er førebels konklusjonen til Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter,

- Det er godt belegg i hyttene våre, men færre bular og campingvagnar enn i fjor sommar, fortel Rabben-veteranen til uskedalen.no..
- Sviktar også tyskarane?
- Tyskarane kjem, men det er ein tilbakegang også for dei med omsyn til bular.
- Og kva er grunnen til svikten?
- Alle kjem inn på prisenivået og då gjeld det ikkje først og fremst bensinprisane, men ferjebillettane og bompengane. Her har det vore ein markant auke sidan i fjor, ein må jo til dømes ut med ein hundrelapp meir for å komma til Stord. Ferjeprisen har rett nok gått ned, men det er ubetydeleg.
- Og på Utåker er det kø – det er den rimeligste ruta når ein skal sørover.
- Elles kjem dei fleste som tar inn her gjennom Folgefonntunellen eller via Gjermundshamn-Løfallstrand.

Men det er slett ikkje alle turistar som ber fram ein klagesong – dei fleste kjem heller med ein lovsong om det fine landet dei er på tur gjennom. Såleis svara Kathy og Nigel Richardson frå Devon i sørvestre hjørnet av England slik då uskedalen.no tysdag føremiddag spurte dei om kvifor dei hadde stoppa i Uskedalen med seglbåten sin:

- Vi likte det vi såg, vi tykte det var så fint her. For ein fantastisk natur!

-
Kathy og Nigel er i Noreg for første gong, men dei gjer det grundig når dei først er her: I starten av juni kom dei med båten frå Shetland til Bergen. Etter nokre dagar let dei han stå att på Bømlø medan dei var heime og gifta bort sonen sin, Så kom dei attende i slutten av siste veka og skal segle litt rundt før dei drar til Bergen for å plukka opp sonen i slutten av veka. Og så blir det ein ny rundtur.

Under sin stopp i Uskedalen hadde dei overnatta på Skorpo, nærare bestemt i Søre Skorpevågen. Dei hadde også teke ein rusletur på øya, som dei tykte var ei perle.....

Av Ola Matti Mathisen



Kathy og Nigel Richardson er i Uskedalen for første gong, men truleg ikkje den siste. (Foto: Ola Matti Mathisen)